



Klokken 18.00-21.00 på Speidersenteret

Tilstede: Ragnar Pettersen, Ulf Larsen, Louise Pettersen, Christopher Kvalvåg, Hege Kristin Olsen, Kjell Aalvik.

Frå kontoret: Jens Ivar K Kleiven

Ikkje tilstede: Bjørn Helland



Sak 28-12 Bruk av tilsette

Det har så langt komen inn ein søknad og ein som har henvendt seg på telefon til stillinga som dagleg leiar. Søknadsfristen går ut 30. september. Til prosjektleder vekst er Louise Pettersen tilsett i 20 % stilling fram til 31.12.2013.

Sak 10-13 Organisering Kvamsøy

Bjørn Vik frå 1. Øystese var positiv til å sitte i eit styre for leirstaden. Grete Nyland frå 1. Øystese vart også foreslått som medlem. Kjell tar kontakt med Knut Njå frå 1. Norheimsund slik at også dei kan bli engasjert i prosjektet. Bjørn Erik Liland har takka nei då han ikkje kunne finne tid på noverande tidspunkt.

Sak 11-13 Kretsleir

Ragnar har snakka med Tom Georg Indrevik frå Kolltveit som gav beskjed om at planen om å ha kretsleir på Fjell festning blei for vanskeleg å gjennomføre, men at han skulle tenke på om hanframleis kunne tenke seg å bidra i ein komité. Louise tar kontakt med Janne Kristensen frå 1. Fjøsanger for å høre om det kunne vere av interesse å bidra.

Sak 13-13 Bymanøver

Alle gruppene som har fått oppgaver har svart med unntak av 1. Skjold. Laila frå 1. Øvstun tar ansvaret for småspeiderløypa under årets manøver.

Sak 20-13 RBG og utvidete beredskapsgrupper

RBG blir kalla inn til styremøte den 21.10 for å snakke om saken.

Sak 19-13 Helsemelding og oppfølging

Som ein friluftsansjasjon er dette noko vi burde bidra med: Fremme folkehelse. Saman med KM kretsen bør vi gå i hop for å arrangere ein aktivitetsdag der alle gruppene stiller med sin eigen aktivitet. På denne dagen må vi få med oss kommunen for å gjøre dette til eit stort arrangement. Jens finner ut kva som ligger bak helsemeldingen og sender ut til krinsstyret.

Hordaland krins av Norges speiderforbund

Besøksadresse: Speidersenteret i Bergen, Tverrgaten 2 | Postadresse: Postboks 723, Sentrum, 5807 Bergen

Telefon: 55 31 74 58 | E-post: speidersenteret@hordalandsspeiderne.no | WEB: www.hordalandsspeiderne.no

Org. nr . 971 516 097 | Åpningstider: man - tirs 9-15, tors 16 - 20 | Bank: 9521 05 44993

Member of the World Organization of the Scout Movement (WOSM) and the World Association of Girl Guides and Girl Scouts (WAGGGS).

Sak 31-13

Eventuelt

Lederløft

Komite speiding har sendt signaler om at dei ønskjer å gjere Lederløft til ei regional samling for ledere. Styret stiller seg kritisk til denne utviklinga, og er i utgangspunktet ikkje interresert i å ta på seg oppgåva om dette vert tilfelle. Ragnar skriver eit brev til Mai-Britt Roald for å forklare styret sitt syn på saken.

Toppleadersamling

Det skal vere Toppleadersamling på Sørmarka konferansesenter den 1-3.november. Krinsstyret vil reise så mange som mulig.